



Årsmelding - Keipen Turlag 2017

Org. nr: 911830477

Styret har i 2017 vore samansett slik:

Leiar : Kirsten Grotle
Nestleiar : Svenn Petter Kjerpeset
Kasserar : Linda Stenseth
Sekretær: : Magnhild Myklebust
Styremedlem : Steinar Isene
Styremedlem : Per Arne Sæterlid
Styremedlem : Gabriel Ossenkamp
Styremedlem : Kari Songedal - Barnas Turlag
Varamedlem : Espen Sortevik
Varamedlem : Sølvi Joensen

Barnas Turlag Indre:

Leiar : Stine Mari Solheim
Styremedlem : Kristine Sande
Styremedlem : Øystein Grande

Barnas Turlag Ytre:

Leiar : Kari Songedal
Styremedlem : Wenche Johannessen
Styremedlem : Roger Svarstad
Styremedlem : Cato Edvardsen

Barnas Turlag Davik/Ålfoten:

Leiar : Evy Dombestein
Styremedlem : Sonja Førde
Styremedlem : Monica Nybø
Styremedlem: Mildrid - Annette Indredavik

Revisorar : Kåre Myklebust og Bjørg Didriksen

Valnemnd : Rob Deckers og Mattis Hamre

Medlemmar: Keipen Turlag har hatt ei auke frå 289 ved sist årsmøte, til 307 medlemmar pr. okt 2017

Æresmedlem: Oddmund Leirvik

Møte:

Vi har gjennomført årsmøte, 7 styremøte og handsama 43 saker, eit møte i jubileumskomiteen og eit evalueringsmøte etter friluftshelga i Berle. Saker vi har jobba med er m.a. gjennomføring av planlagde aktivitetar, administrasjon med rapportering og søknader, hyttene der vi har gått gjennom avtaler vedr. Moldahytta, opprusting innvendig av Knekkevasshytta, møte og samarbeid med grunneigarane på Berleneset om parkeringsplass, nytt startpunkt og delvis ny sti til Hornelen, friluftsmoro, byggjing av gapahuk, handlingsplan, fellesturar, fjelltrimmar og politiattest.

Svenn Petter, Sølvi og Kirsten var utsendingar på årsmøte til SFT på Skei.

Kirsten møtte på fellesmøtet til SFT i Florø (laurdagen).

Turleiarane har vore samla til evalueringsmøte etter årets tursesong og samtidig lagt planar for DNT sitt jubileumsår 2018.

Møte med STIF og grunneigarane på Eikeland, Moldahytta; Kirsten, Oddmund Leirvik og Karstein Løvset frå KT

Barnas Turlag har hatt tre fellesmøte.

Leiar har vore i møte med kultursjef/Bremanger kommune om dagsturhytte på Vetten.

Vi var ikkje representerte på møte om frivillighetshetsentralen, men har gitt tilbakemelding.

Leiar har delteke på samarbeidsmøte med Røde Kors der tema var integrering og inkludering av nyttilflytta i Svelgen.

Dugnad:

Styremøte og anna administrativt arbeid	679
Feltarbeid (vedlikehald hytte, traséval, stimerking,)	375
Turleiing	258
Anna	426
Sum dugnad	1738

Kurs:

Jannike Brenden Frøyen har gjennomført turleiar kurs.

Mildrid-Annette Indredavik, Wenche Johannessen, Evy Dombestein, Stine Mari Solheim, Øystein Grande og Kristine Sande har gjennomført Aktivitetsleiar kurs BT. Kari var instruktør.

Merking av stiar:

Gjegnen: I samband med turane til Gjegnen har det vore framgang i merkinga.

Vetvika: Skilt er komt opp ved parkeringsplass og start sti v. Rabben

Hornelen: Grunneigarane har peika ut ny startplass og første del av sti frå Berleneset. Nytt skilt er sett opp der og på Hunskår.

Samarbeid:

Hornelen kystlag, grunneigarar i Berle og Svelgen jeger og fisk: Friluftsmoro i Berledalen

Røde Kors/Røff, Grunneigarar i Myklebustdalen: Gapahukbygging Langesi

SFE; Knekkevasshytta

STIF og grunneigarane på Eikeland; Moldahytta

Ålfotbreen landskapsvernområde; merking T- tur til Gjegnen

Bremanger kommune/Fylkeskommunen; dagsturhytte på Vetten (rådgjeving)

Fellesturar - 2017:

Nytt av året er at alle turleiarane i Keipen Turlag: Arne Loftheim, Inger Lise Langedal, Kjell Morten Langedal, Steinar Isene, Rob Deckers, Svann Petter Kjerpeset, Per Arne Sæterlid, Mildrid-Annette Indredavik, Alice Torvanger og Jannike Brenden Frøyen har fått Turleiar-jakker og luer.

Dato:	Turmål:	Tal deltakarar		
		born	ung	voksne
9/4	Open dag Moldahytta	35	10	30
30/4	Rugsundøya på langs			3
1/5	Keipen		1	23
3/5	Opptur for 8. klasse		54	12
7/5	Sandsegga - Urdalsegga	2		4
14/5	Gjegnen		2	9
14/5	Open dag Knekkevasshytta	5	2	18
21/5	Ommen	6	2	18
18/6	Vetvika			4
24/6	Solnedgang - soloppgang			Avlyst grunna dårleg veir
2/7	Hornelen			Avlyst grunna dårleg veir
8 -9/7	Hope – Gråfjellet – Gjegnabu – Gjegnen –Hope (overnatting Gjegnabu)			Avlyst grunna dårleg veir
30/7	Keipen		3	12
12/8	Terdalskeipen			Avlyst grunna dårleg veir
13/8	Ålfotbreen			Avlyst grunna dårleg veir
20/8	Davik-Klakegga-Troda-Davik			1

27/8	Moldahytta - Gulebrystet			6
22/10	100 års - jubileum	15	5	105
		63	79	245
	Samla tal:			387

Barnas Turlag: Indre/Svelgen, Ytre og Davik/Ålfoten

Dato	Aktivitet	Vaksne	Ung	Barn
17. des.2016	Nissemarsj	15	4	21
5. feb.2017	Kom Deg Ut – dag vinter, Langesi	40	4	60
04.apr	Trilletur Risevatn	2		2
09.apr	Opa hytte - Moldahytta	22		22
17.apr	Påskeeggjakt ved Vasslidvatnet	18	4	25
18.apr	Trilletur Risevatn	6		5
24.apr	Leik og moro i Kvelve	17		22
07.mai	Stabrekka	10		14
13.mai	Trilletur til Risevatnet	6		5
20.mai	Friluftshelga i Berledalen	20		54
23.mai	Trilletur til Risevatnet	5		4
04.jun	Ivervatn	9		9
09.jun	Trilletur til Risevatnet	6		6
11.jun	Skogsvegen på Isane	7		8
22.jun	Trilletur til Risevatnet	3		3
31. aug.	Trilletur til Risevatnet	3		3
3. sept.	Kom Deg Ut - dag haust, Klatreparken	50	3	90
12. sept.	Trilletur til Risevatnet	4		4
13. sept.	Føremiddagstur til Legene	5		9
17.sept.	Storehovden :	2	1	2
27. sept.	Føremiddagstur til Langedalen	3		5
08.okt	Trilletur til Vågane	3		6
		256	16	379

Turbotrim: 11born er premierte i år. Viser til BT si årsmelding.

Fjelltrimmen:

Post:	Tal besøk:	Post:	Tal besøk:
Risevatnet 3,5 km	4803	Ivervatn	289
Risevatnet - Vasskaret	822	Knekkevasshytta	370
Moldahytta	2133	Jakthytta Ytrehus	372
Martinbu/Sandsegga	1403	Gulebrystet	272
Omvendesket	251	Samla besøk:	10715

Klakegga	70
-----------------	-----------

Turboktrimmen: Turmåla for 2017 var; Nigardsfjøsane, Steinfjellet (Torvanger), Geitenipa, Nygårdsætra, Tungeskaret, Holten, Hennøysætrane, Lianakken, Omnen og Sætrédalsvatnet

I år selde vi kort berre hjå oss i styret, på Spar Kalvåg, Spar Bremanger og Coop i Svelgen.

Vi selde ca 110 klippekort og arrangerte fellesturar til fleire av turmåla. 1. okt hadde vi fått inn 80 ferdigklippte kort og det er kjekt å sjå at vi har turgåarar frå heile kommunen og nabokommuner. Årets turboktrim syner ein tilbakegang frå fjoråret, men det kjem stadig nye namn på lista. Heile 21 turboktrimmarar har levert ferdige klippekort alle fem åra.

Turorientering: Turorientering vart starta i Svelgen i 1976 av Svelgen Turn og Idrettsforening. Keipen turlag overtok i 2007. Turane sommaren 2017 var: Indrehus-Indrehusvatn, Risevatn-3,5 km, Sande-Svelgsvatn og Sigdestadbru-Heidenova.

Totalt 34 personar har levert inn kortet og resultatet vart: gullmerke til 34 personar, der ein er under 8 år.

3 personar: Lene Steinset, Astrid Steinset og Audhild Vistnes får i år bronseplankett (5år) og 1 person: Espen Sortevik sølvplankett (10år),

Vintertrim: Nytt av året følgde opp vedtaket frå årsmøtet 2016 og arrangerte Vintertrim etter same mal som Turboktrimmen. Dette første året delte vi ut gratis klippekort og la ut klippetenger på Flona, Holehornet, Kvilehytta i Berledalen, Knekkevasshytta, Moldahytta, Jakthytta på Ytrehus, Skaravatnet, Furuhovden og Skogsstien Vik. Vi hadde ute tengene fram til 30. april og 37 turgåarar i alle aldra, fekk kvar sin drikkekopp i premie. Turlaget fekk gode tilbakemeldingar på opplegget. Dette var turmål som passa for heile familien.

DNT SjekkUt: DNT sin nye turapp. Vi har registrert mange turmål i vårt område. Desse finn du i gruppene: Hytter (3), Keipen Turlags T - turer og andre (6), Keipen turlag fjelltrim (9), Turboktrimmen (10), Turbotrimmen (6), Bremanger Fjelltrim (16), Kalvåg Fjelltrim (11), Keipen turlag fjelltopper i Bremanger, Keipen Turlag 10 største fjelltopper og Fjelltrimmen Davik IL (18)

Hytter:

Knekkevasshytta; eigd av Svelgen Kraft AS/SFE og drifta av KT. Hytta er no meldt inn i DNT som fullverdig ubetjent hytte og har fått DNT - lås og besøksprotokoll. Det har vore utført mykje oppgradering i 2017. Begge stovene og eit av soveromma har fått nytt veggpanel, soveromma har blitt grundig nedvaska og blitt utstyrte med nye sengar og sengetøy. Vi har no 12 senger. Gangen er malt og kjøkkenet er vaska. I tillegg har det vore mykje rydding og riving av gammalt elektrisk utstyr. Vi har hatt god hjelp av SFE som har kosta panelet og sytt føre helikoptertransport av utstyr. Vi har kjøpt inn ny gasskomfyr som skal transporterast opp til hytta ved høve. Det har óg vore teke ut ved som ligg til tørk. Det har vore søkt om tilskot til oppgraderinga. Bremanger Kommune løyvde, gjennom posten prosjektmidlar 2017, 13000 kr til feiringa. Hytta har hatt mykje besøk m.a. 125 personar på 100-års-feiringa i oktober, Opa hytte og Opptur for 8. klassingane i mai. Det er registrert 14 overnattingar. Tilsyn: Steinar Isene

Martinbu; dagsturhytta til KT på Sandsegga Tilsyn: Liv Sigdestad Brekke.

Moldahytta; eigd av STIF og drifta av KT. Her har det vore arbeidd med å lage ei skriftleg avtale mellom STIF og KT, og STIF og grunneigarane på Eikeland. Det har vore teke ut ein del ved og vasskjelden har vore reinska og lagt lok på? overnattingar Tilsyn: Karstein Løvset.

Vertskap på hyttene: Sissel Igland, Johanna Midtun, Anne Karin Vårdal, Olga Aarsnes, Audhild Vistnes, Jorunn Styve og Liv Sigdestad Brekke. Vertskapet har hjulpet til med Opptur og arrangert ope hus på

Moldahytta og Knekkevasshytta. Ved 100-årsjubileet på Knekkevasshytta sytte dei for heimelaga rømebraut og festkaker til alle besøkande. I samband med festdagen i oktober fekk dei ta i bruk nye vestar innkjøpt til vertskap og tilsyn på hyttene.

Presse:

Vi har vore omtalt i Firdaposten og Fjordenes Tidende i samband med fellesturane våre, arrangement i BT og markeringa av Knekkevasshytta.

Heimeside: keipen.dnt.no – drifta av Eli Mehlum Stølan/Kirsten Grotle

Kommunikasjon:

Heimeside: keipen.dnt.no

E - post: keipenturlag@gmail.com

Facebook; Barnas Turlag, Turboktrimmen og Keipen Turlag